

Lokallaga i Agder Bondelag

Ved Jørund Kvaale Hansen, leiar Bygland Bondelag.

Kvålsvegen 5

4745 Bygland

TLF: 99452040

17. desember 2021

Inntektsutvalet

Ola Grytten

Noreg

Innspel frå lokallaga i Agder Bondelag til Inntektsutvalet.

Bygland Bondelag har drøfta ulike faktorer som vi meiner er viktig å vurdere i arbeidet med å samanlikne bondens løn opp mot lønnsmotakers løn.

Vi ber inntektsutvalet i sitt arbeide gjere vurderinger rundt følgande punkter.

- Skilje vederlag til arbeid og kapital.
Dagens resultatmål er definert som «Vederlag til arbeid og kapital.»
Det jobbast altså med eit eit samlebegrep der løn og kapitalgodtgjersle er slått saman. Stortinget har fleire gonger uttalt at denne totalalkylen ikkje er egna til å samanlikne inntektsnivået til bonden opp mot inntekta til lønsmottakeren.

Det vil difor vere hensiktsmessig at desse to delmåla bli splitta opp, og at det er «Vederlag til arbeid» som skal som skal brukast når ein samanliknar bondens løn med med løna til arbeidstakarar.»
- Avkastning på egenkapital.
Ein bør sjå det hensiktsmessig å sette ei avkastning på bondens avsette kapitalinnskott til gardsdrifta. Størrelsen på avkastninga må reflektere fleire forhold, mellom anna alternativverdi av ei anna plassering av egenkapitalen enn jordbruk, risiko ved å investere i jordbruket, renteutvikling, og låg alternativverdi på f.eks husdyrbygg og næringsbygg.
- Bereikne leige av jord og kvote som utgift.
Berekning av bondens løn bør kun omfatte den aktive gardbrukar.
Den aktive gardbrukar kan definerast som næringsutøvarar som omfattast av jordbruksavtalen, og som er berettiga produksjonstilskot.

Det gir eit missvisande bilete av bondens inntekt å bereikne inntekter som hamner hos foretak eller personer som ikkje er aktive gardbrukarar.

For å få fram bondens reelle inntekt, bør difor utgifter til jordleige og mjølkekvoteleige reiknast som utgifter.

- Jamnstillte bereikna timetal i eit årsverk.
Eit årsverk for ein vanleg arbeidstakar er 1695-1750 timar.
For jordbruket er timetalet 1845 timar, altså ein differanse på 95-150 timar.
Dette utgjør over 5% forskjell mellom gardbrukar og lønnsfattakarar.
Når bondens løn skal jamnstillast med lønnsfattakarar, bør også arbeidstimar samsvare.
Lik lønn for ulik arbeidsmengde er ikkje jamnstilling.

Me oppfatter at argumentet for noverande differanse er at bonden bur på arbeidsplassen, og ikkje har pendlarveg.

Det er ingen praksis blandt lønnsfattakarar å differensiere antal arbeidstimar ved heimekontor eller kort pendlarveg. Det er ingen lønnsfattakarar med heimekontor som blir pålagt å jobbe to-tre veker i ferien utan løn, for å kompensere for færre timar i bil til og frå jobb.

Ein må ikkje gløyme at dagens bonde også driv jord over større områder og har større avstander å forflytte seg enn tidlegare. Ved til dømes beitetilsyn, vedlikehald av gjerder osv, blir det mykje transport før bonden faktisk kan sette i gong arbeidet.

Det er heller ikkje hensiktsmessig i eit miljøperspektiv med eit insentiv som gir ulemper for næringsuttøvere som har innretta seg med kortere transportavstander til og frå jobb.

For å best kunne måle bondens arbeidsinntekt opp mot lønnsfattakarar arbeidsinntekt, bør utvalet difor vurdere om det vil vere hensiktsmessig at denne inntekta også bereiknast utifrå likt antal arbeidstimar.

- Gardbrukaren er sjølvstendig næringsdrivande og er avhengig av eiga pensjonssparing. For lønnsfattakarar er OTP pr i dag på 2% obligatorisk. Når gardbrukaren skal samanliknast med andre grupper, oppmodast utvalet å vurdere om det bør trekkast minst tilsvarende OTP-trekk frå gardbrukarens inntektsgrunnlag.
- Ein stor del av utgiftene i jordbruket er i dag renteutgifter. Store delar av jordbruket er regulert, og kan ikkje ta ut gevinsten frå plussida i dette reknestykket. Dette vert i dag berekna som realrente = nominelle rentekostnader minus effekt av finansiering, der effekt av finansiering = lånt kapital * prosentvis auke i konsumprisindeksen/100. Reknemodellen er komplisert og truleg utdatert ift. Dagens kapitalkrevande driftsformer.
Vi oppmodar utvalet om å sjå på andre reknemodellar som i større grad følger reell prisutvikling i landbruket, og soleis fangar betre opp dei venta endringane mellom nominell rente og prisstigning innanfor komande budsjettår. Alternativt nyttast nominell rente i inneverande år som kalkulasjonsrente, (utan fråtrekk for effekt av finansiering).

- Bondelaget ber om at det vert sett på inntektsgevinsten av jordbruksfrådraget samanlikna med lønsmottakarar sitt minstefrådrag. For å samanlikne med lønsmottakarar er det mest naturleg å halde effekt av jordbruksfrådrag utanom resultatmålet, slik som effekten av minstefrådrag er utanom lønnsinntekten til lønsmottakar.

Med Helsing

Arendal Bondelag

Audnedal Bondelag

Birkenes Bondelag

Bygland Bondelag

Evje og Hornnes Bondelag

Flekkefjord Bondelag

Froland Bondelag

Gjerstad og Søgne

Grimstad Bondelag

Holt og Vegårshei Bondelag

Hægebostad Bondelag

Iveland Bondelag

Kristiansand Bondelag

Kvinesdal Bondelag

Lillesand Bondelag

Lindesnes Bondelag

Lista og Lyngdal Bondelag

Mandal Bondelag

Marnadal Bondelag

Sirdal Bondelag

Søgne Bondelag

Songdalen Bondelag

Valle Bondelag

Vennesla Bondelag

Åmli Bondelag

Åseral Bondelag